

**E
K
S
A
M
E
N**

UTDANNINGSDIREKTORATET

Tverrfagleg eksamen / Tverrfaglig eksamen

Ambulansefag

HS7019

10. desember 2004

VKI

Studieretning for helse- og sosialfag

Oppgåva ligg føre i begge målformer, først nynorsk deretter bokmål./
Oppgaven foreligger på begge målformer, først nynorsk deretter bokmål.

Eksamensinformasjon – nynorsk

Eksamenstid: 5 timar

Hjelpemiddel: Sjå rundskriv LS-47-2003

Eksamensinformasjon – bokmål

Eksamenstid: 5 timer

Hjelpemiddel: Se rundskriv LS-47-2003

Nynorsk

Situasjonsbeskriving

I dag, fredag 10. desember, blir du og kollegaen din sende ut av AMK på eit akuttoppdrag til andedammen, der ein liten gut har gått gjennom isen. I det de kjem fram, blir guten bringa på land av nokre vaksne etter å ha vore i vatnet i omtrent 20 minuttar.

På ein benk like ved sit besteforeldra til guten bleike, heilt utkjørte, og det ser ut som om også dei treng hjelp.

Oppgåve

Tenk deg sjølv framhaldet av situasjonen.

- Fullfør oppdraget, med dei tiltak som er eller kan vere nødvendige for guten og besteforeldra. Kva vil du gjere, korleis vil du gjere det, og kvifor vil du gjere det slik?

Det gjeld å vise heilskapleg kompetanse og å bruke kunnskapar frå dei ulike faga i læreplanen i løysinga på oppgåva.

I svaret skal du

- setje i verk prehospitale tiltak
- gjere rette prioriteringar
- vurdere omfang og ressursbehov
- vise evne til kommunikasjon
- vise forståing av betydninga av rapportering og dokumentasjon
- vise evne til å vareta hygieniske prinsipp
- vise evne til å opptre rasjonelt og beherska
- vise evne til å vareta eigentryggleiken

Bokmål

Situasjonsbeskrivelse

I dag, fredag 10. desember, blir du og din kollega sendt ut av AMK på et akuttoppdrag til andedammen, hvor en liten gutt har gått gjennom isen. Idet dere kommer fram, blir gutten brakt på land av noen voksne etter å ha vært i vannet i omtrent 20 minutter.

På en benk like ved sitter besteforeldrene til gutten bleke, helt utkjørte, og det ser ut som om også de trenger hjelp.

Oppgave

Tenk deg selv fortsettelsen av situasjonen.

- Fullfør oppdraget, med de tiltak som er eller kan være nødvendige for gutten og besteforeldrene. Hva vil du gjøre, hvordan vil du gjøre det, og hvorfor vil du gjøre det slik?

Det gjelder å vise helhetlig kompetanse og å bruke kunnskaper fra de ulike fagene i læreplanen i løsningen på oppgaven.

I besvarelsen skal du

- iverksette prehospitale tiltak
- foreta riktige prioriteringer
- vurdere omfang og ressursbehov
- vise evne til kommunikasjon
- vise forståelse av betydningen av rapportering og dokumentasjon
- vise evne til å ivareta hygieniske prinsipper
- vise evne til å opptre rasjonelt og behersket
- vise evne til å ivareta egensikkerheten